

Årsmelding 2022



NORADAPT

NORSK SENTER FOR BEREKRAFTIG KLIMATILPASSING

► PÅ FRAMSIDA: Det naturbaserte reiselivet vil gradvis måtte tilpasse seg mindre snø på grunn av klimaendringane. I forskningsprosjektet ClimTour, som vi avslutta i 2022, utvikla vi ei ny teneste som viser framtidig fordeling mellom snø, sludd og regn i utvalde skiregionar. Toppene i Lofoten vil til dømes få 60 prosent færre dagar med snøfall ved midten av hundreåret. Foto: Frode Sandbeck / nordnorge.com

© Vestlandsforskning 2023
www.vestforsk.no

Grafisk formgjeving: Øystein Vidnes og Silje Nes
Fontar: Merriweather & Merriweather Sans, 10,5 / 15
Tekst: Idun A. Husabø og Thoralf Fagertun



Noradapt sitt fjerde driftsår

Året starta med at leiinga i Noradapt møtte statssekretær Oddmund Hoel i Kunnskapsdepartementet, og i mars kom statsråden for kunnskap og høgare utdanning, Ola Borten Moe, til Sogndal og Vestlandsforskning. På begge møta la senterleiinga fram status og vidare ambisjonar for Noradapt og signaliserte eit ønske om å auke den delen av senteret sin aktivitet som er finansiert av øyremerka løvyingar. Målet er å styrke brukarinnretninga til senteret, mellom anna ved å utvikle eit kompetanseprogram for næringslivet i form av kurs i klimatilpassing, i første omgang for konsulentbransjen. Ei erfaringsbasert masterutdanning står òg på ønskjelista. Målgruppa er personar som har arbeidd med klimatilpassing og vil ta ei vidareutdanning på deltid.

Forskinga treng òg å styrkast, og eitt forslag er å etablere eit doktorgradsstipend. Vi har òg behov for å auke kapasiteten blant forskarane på feltet klimatilpassing, både når det gjeld å søke om nasjonale og internasjonale forskingsmidlar og å leie denne typen prosjekt. Elles ønskjer Noradapt å utvide tenesta Norsk klimamonitor med systematiske studiar av næringslivet, slik vi har gjort for offentlege verksemder.

Noradapt-leiinga har presentert senteret i møte med fleire stortingsrepresentantar i 2022: Torbjørn Vereide og Siri Gåsemyr Staalesen (Ap), Abid Raja og Alfred Bjørlo (V) og Sofie Marhaug (Raudt). Senteret var representert på Arendalsuka med eit arrangement om berekraftig klimatilpassing av det bygde miljøet. For å medverke



til den komande stortingsmeldinga om klimatilpassing, deltok senterleiinga på eit innspelsmøte i november og sende skriftlege innspel til klima- og miljødepartementet.

Noradapt vart i 2022 invitert inn i KS sitt nyopprettet kommunenettverk om klimatilpassing. Vi bidrog sterkt til konferansen Klimaomstilling i Sogndal og til Klimathon på Voss. Senterleiar Carlo Aall deltok i komiteen som planla Nordic Conference of Climate Change Adaptation 2023 i Reykjavik.

Det faglege arbeidet har særleg retta seg inn mot sluttføring av spesialnummeret om berekraftig klimatilpassing i tidskriftet «Weather, Climate, and Society» (WCAS) og å få i gang Transadapt, senteret sitt største internt finansierte prosjekt til no, som handlar om korleis vi kan forstå og handtere grenseoverskridande klimarisko.

↗ Senterleiar Carlo Aall snakkar til statsråd Ola Borten Moe. Foto: Idun A. Husabø



Historikk

Norsk senter for berekraftig klimatilpassing, no kalla Noradapt, vart opna i desember 2018 og skal bidra til at Norge blir betre rusta til å tilpasse seg klimaendringane og at dette skjer på ein berekraftig måte.


Forskningspartnerane sine representantar i Noradapt i 2022

Institusjon	Representantskap	Leiargruppe
Høgskulen på Vestlandet	Tarald Seldal	Lisbeth Dahle
Cicero Senter for klimaforskning	Frode Longva	Anders Tønnesen / Mikkel Vindegård
Norce Klima og Norce Samfunn	Trond Dokken (Klima)	Marie L. N. Pontoppidan
Sintef Community	Berit Time	Hanne Kvitsand
Institutt for geografi ved NTNU	Per A. Stavnås	Jan Ketil Rød
Nordlandsforskning	Iselin Marstrander	Grete Hovelsrud
Senter for energi- og klima-omstilling (CET) ved UiB	Håvard Haarstad	Simon Neby
Vestlandsforskning	Anne Karin Hamre Carlo Aall (sekretær)	Carlo Aall (leiar) Eivind Brendehaug (sekretær)

Åtte forskningsorganisasjonar er med i det forpliktande samarbeidet.

Stortinget løvde også for 2022 fem millionar kroner til drift av senteret. Desse midlane har representantskapet budsjettert slik: 1,3 millionar kroner til leiing av senteret, 2 millionar kroner til nettverksutvikling og -drift (brukarkontakt, vit-skapleg råd, formidling og profilering) og 1,7 millionar kroner til fou-prosjekt. På grunn av overføring av midlar frå tidlegare års budsjett, har prosjektaktiviteten hatt eit samla budsjett på ca. 6,9 millionar kroner.

← I 2022 avslutta vi forskningsprosjektet ClimTour, der Vestlandsforskning, Norce og Nordlandsforskning medverka. Prosjektet har sett på verknader av klimaendringar for naturbasert reiseliv. I intervju med turguidar i Jotunheimen, var eit viktig tema at fjellheimen er i ferd med å bli mørkare fordi snøfennar og brear smeltar i sommarhalvåret.
Foto: Halvor Dannevig






Forsking for samfunnet

Noradapt finansierer verksemda si gjennom den årlege øyremarka løyvinga og ved å søke på ordinære forskingsmidlar.

Figuren under viser fordelinga mellom midlane som er øyremerka og løyvingar som kjem frå anna hald frå det første aktivitetsåret til senteret fram til i dag. Figuren viser også fordelinga av dei samla løyvingane på senterleiring, nettverksaktivitetar og prosjektarbeid.

Fordeling av samla løyving til aktivitetar 2019–2022



FOU-PROSJEKT UTANOM ØYREMERKA LØYVING

Ein stor del av prosjekta i Noradapt er finansiert utanom den øyremerka løyvinga til Noradapt. I 2022 hadde senteret 13 slike prosjekt med eit samla årsbudsjett på 17 millionar kroner. I tillegg kjem to prosjekt finansiert av dei øyremerka løyvingane på til saman 5,6 millionar kroner.

↗ I februar 2022 deltok Noradapt, ved Vestlandsforsking og Høgskulen på Vestlandet, på ein arbeidsverkstad med kommunane Sogndal og Luster om arbeid, bustad, klima og transport. Sju etatar i kommunane var representerte. Foto: Kyrre Groven



Pågåande Noradapt-prosjekt

Prosjekttittel	Noradapt-partnarar	Finansiering/ oppdragsgjevar	Periode
Natural and societal consequences of climate-forced changes of Jostedalsbreen Ice (Jostice)	HVL, VF	Norges forskingsråd, Klimaforsk	2020–2025
Impacts of climate change on Norwegian nature-based tourism (Climtour)	VF, NF	Norges forskingsråd, Klimaforsk	2018–2023
Unpacking climate impact chains. A new generation of action- and user-oriented climate change risk assessments (Unchain)	VF, NF	Norges forskingsråd, Klimaforsk / EU (JPI)	2019–2023
Utvikling av nye forvaltingsverktøy for å kartlegge og vurdere hvordan klimaendringer fører til spredning av miljøgifter i fersk- og saltvann (Vannklimrisk)	VF, NTNU	Regionalt forskingsfond Vestland	2020–2023
Communities for Climate Change Action (Co-Adapt)	VF	EØS-midlar	2021–2023
GreenPace	NF, Cicero	Øyremerka løyving til Noradapt	2021–2023
Glacier impacts On The Hydrological systems in Europe and Central Asia (Gotheca)	NTNU, HVL	Norges forskingsråd	2021–2025
Making transborder climate risks tangible for adaptation actions (Transadapt)	VF, Cicero, NF, Norce	Øyremerka løyving til Noradapt	2021–2025
Nordic perspectives on transboundary impacts of climate change	VF	Nordisk ministerråd	2021–2022
Berekraftanalyse av klimatilpassing	Sintef, VF	Regionalt forskingsfond Rogaland	2021–2024
Medvirkningsmetoder for bærekraftig klimatilpasning	VF	Norges forskingsråd	2021–2024
Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur i kommunar	Sintef, VF	Regionalt forskingsfond Vestland	2021–2024
Klimatilpassing i vegtransport	VF	Norges forskingsråd, Statens vegvesen, Nye Veier AS	2021–2023
Utredning klimatilpasning i andre land	VF	Miljødirektoratet	2022
Utredning klimatilpasning i Norden	VF	Nordisk råd	2022–2023



Ti tilrådingar frå Noradapt

I 2022 kunngjorde Klima- og miljødepartementet at dei førebur ei melding til Stortinget om klimatilpassing. For å gje innspel til denne prosessen, har Noradapt stått for fleire medieutspel og kronikkar. Senterleinga har òg hatt direkte kontakt med fleire direktorat og departement og teke initiativ til møte og samtalar med stortingsrepresentantar.

Noradapt var til stades på eit innspelsmøte i Oslo 29. november 2022 og sende seinare ein skriftleg versjon av innspela til Klima- og miljødepartementet.

Dette er dei ti punkta frå Noradapt:

1. Tida har gått frå ideen om at vi kan klare oss med justeringar av samfunnet; verda må over i ein omstettingsfase med langt meir omfattande og radikale tiltak.

Denne innsikta blei alt oppnådd i den første spesialrapporten til FNs klimapanel om klimatilpassing frå 2012, der omstilling var definert slik: «The altering of fundamental attributes of a system (including value systems; regulatory, legislative, or bureaucratic regimes; financial institutions; and technological or biological systems)». Delrapport II i den sjette hovudrapporten frå FNs klimapanel peiker på at vi må få til overgangen frå «incremental» til «transformational» tilpassing, og gir fleire døme på korleis dette må skje.

2. Overgangen frå konvensjonell til berekraftig klimatilpassing gjer det endå viktigare å sikre at klimatilpassing ikkje kjem i konflikt med andre sentrale berekraftsmål.

FNs klimapanel trekker fram faren for feiltilpassing («maladaptation») i delrapport II i den sjette hovudrapporten sin. Dei peiker på faren for at omfattande tilpassings tiltak kan føre til auka utslepp av klimagassar, auka negativ verknad på økosystem



Leiar i Noradapt, Carlo Aall.

og økosystemtenester og at visse grupper i samfunnet får det verre enn i dag.

3. Radikal auke i ressursinnsatsen.

I 2017 fekk klimatilpassing berre 2 prosent av dei samla midlane til klimaforsking. I åra 2016–2023 utgjorde klimatilpassing 3 prosent av den samla støtta til lokale klimatiltak frå Miljødirektoratet. I 2017 svara 52 prosent at kommunen sin økonomi i stor grad var ein barriere for klimatilpassing, medan det tilsvarande talet i 2021 var 70 prosent.

4. Radikal styrking av det sektor-overgripande arbeidet.

Svak samordning av statleg politikk går att som eit viktig funn i ulike studiar av barrierar i arbeidet med klimatilpassing, eit funn som også er løfta fram i Riksrevisjonen si undersøking frå 2022 av styresmakten sitt arbeid med å tilpasse infrastruktur og bygningar til eit klima i endring. Vår tilråding er å ta oppatt tanken bak forslaget frå 1972 om eit overordna miljøverndepartement med tanke på å etablere

ein mekanisme eller eit styringsorgan som kan krevje integrering av klimatilpassingsomsyn og sanksjonere mangel på dette innanfor alle statlege sektororgan.

5. Ei radikal forståing av målet om å unngå feiltilpassing.

Klimatilpassing må ikkje berre unngå konfliktar med andre sentrale berekraftsmål, men òg bidra positivt til å nå desse måla. Internasjonalt har denne nye tilnærminga til klimatilpassing blitt skildra som «synergetic adaptation».

6. Tilpassingsomsyn betyr òg avgrensningar for andre, sentrale berekraftsmål.

Det logiske motsvaret til «maladaptation» eller feiltilpassing, er «malmitigation», altså utsleppsreduserande tiltak som kan føre til negative konsekvensar, mellom anna når det gjeld tilpassingsomsyn. Eit døme er at planting av gran for å auke binding og lagring av karbon kan auke faren for jord- og snøskred når trea blir hogde, t.d. på Vestlandet.

7. Også sjå på grenseoverskridande klimarisiko.

Bekymringa for grenseoverskridande klimarisiko har auka. I 2017 svarte 15 prosent av norske kommunar at dei var «i meget stor» eller «stor» grad bekymra. I 2022 svarte 92 prosent av om lag 500 respondentar i norske fylkeskommunar eller statsforvaltarembete at dei i «meget stor» eller «stor» grad var bekymra for grenseoverskridande klimarisiko. Denne forma for klimarisiko bringer inn nye tema som skil seg frå dei tradisjonelle (t.d. overvatn), slik som global matvaresikkerheit, energisikkerheit og klimaflyktningar – tema som i dag er fråverande i den nasjonale politikken for klimatilpassing.

8. Frå effekt- til årsaksinnretta tiltak.

Ei av dei sentrale tilrådingane i FN-rapporten «Vår felles framtid» frå 1987, som lanserte målet om ei berekraftig utvikling, var at vi måtte gå frå ein effektinnretta til ein årsaksinnretta miljøpolitikk. Det same gjeld for tilpassingspolitikken, og det inneber at klimatilpassing i større grad må rette seg inn mot dei samfunnsendringane som gjer samfunnet meir utsett for klimaendringar, som sentralisering, globalisering og internasjonalisering.

9. Vurdere vern av 30–50 prosent av naturområda vi har att.

FNs klimapanel tilrår i delrapport II i den sjette hovudrapporten å verne 30 til 50 av jordas landareal, ferskvassareal og havområde. På denne bakgrunnen meiner vi det vil vere fornuftig med ei utgreiing om korleis denne typen «klimavern» kan gjennomførast i Norge.

10. Styrke evalueringa av arbeidet med klimatilpassing.

Av dei 82 offisielle nasjonale miljøindikatorane, er det bare éin som gjeld klimatilpassing, og om denne står det at han ikkje let seg berekne. I Riksrevisjonen sin rapport om klimatilpassing står det m.a. følgjande: «I lys av de betydelige konsekvensene klimaendringene vil ha, vurderer Riksrevisjonen det som alvorlig at myndighetene ikke har sikret seg tilstrekkelig oversikt og iverksatt nødvendige tiltak for å sikre eksisterende bebyggelse og infrastruktur». Vi meiner difor det er avgjerande at styresmaktene etablerer eit systematisk opplegg for rapportering og evaluering av arbeidet med klimatilpassing, både på tvers av dei statlege sektorane og på tvers av forvaltningsnivå.



Norsk klimamonitor

I Norsk klimamonitor 2022 vart det gjennomført tre undersøkingar:

- **Jordbruksundersøkinga 2022.** Denne undersøkinga vart gjennomført for første gong. Undersøkinga tok form som ei spørjeundersøking til eit representativt utval bønder om deira utfordringar og haldningar til klimaendringane. Her kom det mellom anna fram at halvparten av bøndene meiner norsk landbruk er dårleg budde i møte med klimaendringane, og at store omstillingss prosessar må til for å møte utfordringane.



- **Kommuneundersøkinga 2022.** Kommuneundersøkinga vart i 2022 gjennomført som eit intervju med 16 leiarar og fagfolk frå 10 kommunar. Hovudkonklusjonen frå intervjuja er at mykje godt arbeid er på gang i kommunane, men viljen til å drive klimatilpassingsarbeidet vidare er langt større enn vilkåra tillèt. Kommunane peikar på manglande merksam og ressursar og manglande statleg samordning som dei største barrierane.
- **Individundersøkinga 2022.** Individundersøkinga vert gjennomført kvart år som ei spørjeundersøking til eit representativt utval nordmenn. I 2022-utgåva spurte vi særskilt om haldningar til skredsikring og om kor nært konsekvensane av klimaendringane kjennest. Undersøkinga viste at folk flest vurderer skredsikring som viktigare enn bompengar, og at dei er villige til å betale meir i bompengar på vegar dei brukar jamleg for at dei skal sikrast betre mot ras og skred. Undersøkinga syntet også at under halvparten av nordmenn meiner at klimaendringane er her no. Begge desse poengene vart fanga opp av media, høvesvis av Bergens Tidende og NRK.



Formidling

KRONIKKAR OG POPULÆRVITSKAPLEGE ARTIKLAR

Noradapt stod for 6 kronikkar og 2 populærvitskaplege artiklar i eksterne medium i 2022.

«Byggestopp i naturen er et nødvendig klimatiltak». Kronikk av Carlo Aall (Vestlandsforsking), Dag O. Hessen (UiO) og Vigdis Vandvik (UiB), Nationen (Faglig snakka), 20.4.

«Vi bør styrke naturverdiane i møte med klimaendringane». Kronikk av Eivind Brendehaug, Synnøve Beitnes (begge Vestlandsforsking), Jan Ketil Rød (NTNU) og Dagmar Hagen (Norsk institutt for naturforskning), Nationen, 29.6.

«Tørkesommaren 2018 var eit sjokk for mange bønder. Få har rusta seg mot at det skjer på nytt». Populærvitskapleg artikkel av Idun A. Husabø (Vestlandsforsking), forskning.no, 6.7.

«Vi tilpassar oss». Kronikk av Torbjørn Selseng (Vestlandsforsking), Nationen, 17.8.

«Klimakrisen, naturkrisen og energikrisen er en og samme sak». Kronikk av leiargruppa i Noradapt, forskning.no, 25.8.

«Visst hastar det med det grøne skiftet – men unngå storstilt tap av natur». Kronikk av Eivind Brendehaug, Kyrre Groven, og Carlo Aall, Nationen, 13.09.

«Ny teneste viser kor snøen forsvinn først». Populærvitskapleg artikkel av Idun A. Husabø, forskning.no, 17.11.

«Jo, klimaproblemet kan lede verden til undergang». Kronikk av Carlo Aall og Thomas Hylland Eriksen, Morgenbladet, 4.12.



↗ Forskar Synnøve S. Beitnes snakkar om tørkesommaren 2018 og klimatilpassing i landbruket under Forskingdagane 2022. Foto: Bjørn Christian Weinbach



Foto: Kristin Folsland Olsen / nordnorge.com

Ny tenesta viser kor snøen forsvinn først

I 2022 bidrog Noradapt til ei ny, nettbasert tenesta på Norsk klimaservicesenter sine nettsider. Tenesta frå prosjektet ClimTour viser kor mykje snø, sludd og regn dei viktigaste skiregionane i Noreg kan vente seg mot midten og slutten av hundreåret.

Tenesta er utvikla av Meteorologisk institutt og Norce gjennom forskingsprosjektet ClimTour, som Vestlandsforsking har leia. Vinteren og snøsesongen krympar alle stader i Noreg, og det får spesielt store følgjer for snøen i lågareliggende og kystnære strøk. Skisentera som ligg lågt i terrenget og nær kysten, vil vere dei første som tapar.

Ein av dei utsette skiregionane er Lofoten, eit populært reisemål for mange skikyrarar, også frå utlandet. Ved midten av hundreåret vil fjelltoppane i regionen ha så lite som 20–30 dagar med snøfall i året, mot dagens 75 dagar. Toppene i Lofoten vil få ein reduksjon på 60 prosent i dagar med snøfall alt ved midten av hundreåret.

Gjennomsnittet for Noreg ser slik ut: Frå eit årleg snitt på 80 dagar med snøfall dei

siste tiåra, vil vi ved midten av hundreåret vere nede i rundt 60 dagar. Når vi kjem til slutten av hundreåret, har vi i snitt berre rundt 50 dagar att med snøfall. Då har forskarane gått ut frå eit middels utslepps-scenario, der landa i verda verken lukkast godt med å løyse klimaproblemet eller mislukkast heilt.

Viss vi derimot går ut ifrå eit høgutslepps-scenario, vil Noreg vere nede i rundt 30 dagar med snøfall mot slutten av hundreåret. Det betyr ein nedgang på 60 prosent frå i dag.

– Skisenter og annan snøbasert aktivitet vil difor bli ulikt råka etter kor dei ligg i landet. Dei som ligg høgt oppe og langt inn i landet vil leve lengst og vil oppleve auka pågang. Dessverre vil dei som ligg lågt i terrenget og nær kysten, oppleve aukande problem, seier prosjektleiar Eivind Brendehaug.

Du finn tenesta «Snø, sludd og regn i fremtiden» på klimaservicesenter.no, under fana «Klimaframskrivinger».



Noradapt på Arendalsuka 2022

I 2022 har Noradapt for første gong delteke med eit eige arrangement på Arendalsuka. Temaet var utfordringar og mogelegeheter med berekraftig klimatilpassing.



↗ Frå samtalet i Bygg Arena Arendal: Siri Gaasemyr Staalesen (Arbeiderpartiet), Katharina Bramslev (dagleg leiar i Grøn Byggallianse), Carlo Aall (Noradapt) og Siri Blakstad (konserndirektør i Sintef Community). Foto: Eivind Brendehaug

Arrangementet 18. august hadde tittelen «Berekraftig klimatilpassing av det bygde miljø – korleis få fart på arbeidet?» og fann stad i Bygg Arena Arendal. Noradapt sine medarrangørar var Sintef og Grønn Byggallianse. Frå Noradapt deltok sentraleiar Carlo Aall, Sintef-forskar Hanne Kvitsand, som er med i leiargruppa i sentret og nestleiar Eivind Brendehaug. Dei heldt kvar si innleiing.

Carlo Aall tok for seg kva berekraft betyr i klimatilpassinga. Hanne Kvitsand tok for seg meir konkrete sider ved konseptet i innlegget «Berekraftig tilpassing i praksis – korleis kome i gang med arbei-

det?», og Eivind Brendehaug presenterte tenesta Norsk klimamonitor, som gir eit oversiktsbilete over klimatilpassinga i det norske samfunnet.

Målgruppa for arrangementet var kommunar, på taktisk og strategisk nivå, og avgjerdssstakarar på høgare nivå, over heile det klimapolitiske feltet.

Arrangementet baud òg på ein samtale mellom politikarar og innleiarane om korleis politikarar kan bidra til ei meir berekraftig klimatilpassing, leia av konserndirektør Siri Blakstad i Sintef Community. Samtalens tok utgangspunkt i kunngjeringa om at det kjem ei ny stortingsmelding om klimatilpassing og at Riksrevisjonen nyleg har uttalt at myndighetene ikkje har sett i verk tilstrekkelege tiltak for å tilpasse busetnad og infrastruktur til klimaendringane.

Arrangementet der Noradapt deltok var blant svært få med vekt på klimatilpassing.

– Som i klimadebatten elles og i klimaforskinga, var temaet klimatilpassing klart i mindretal på Arendalsuka. Det same gjeld eit kritisk blikk på koplinga mellom klima og berekraft. Difor var det viktig å kome opp med eit arrangement som reindyrka desse to forholda: Løfte fram klimatilpassinga, og rette eit kritisk lys på klimatilpassing og berekraftig utvikling, seier Carlo Aall.



Konferansen #Klimaomstilling2022

Noradapt var med på å arrangere den sjuande utgåva av den nasjonale konferansen #Klimaomstilling i Sogndal. Konferansen gjekk over tre dagar, frå 26. til 28. april 2022, der den første dagen var ein ekskursjon. To høgaktuelle tema vart framheva: matsikkerheit i møte med klimarisiko og energiomstilling.

Noradapt og Vestlandsforsking har hovudansvar for å arrangere konferansen i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Vestland fylkeskommune. I tillegg kjem Statens Vegvesen, Statsforvaltaren i Vestland, Klimapartnere Vestland, Universitetet i Bergen, Innovasjon Norge, Senter for klima- og energiomstilling (CET) og NVE.

Ekskursjonen la vekt på matproduksjon og sirkularitet og gjekk til Aurland, Lærdal og Kaupanger, der gruppa vitja Sogn Jord- og Hagebrukskule, representantar for Sogn Frukt og Grønt og bøndene i Lærdal, det interkommunale miljø- og avfallsselskapet Simas og vitensenteret ViteMeir.

► Aprikosar i blomst var noko av det ekskursjonsdeltakarane fekk sjå i Lærdal. Det finst fleire tusen aprikostre i bygda, og eit mildare klima gir rom for å dyrke nye frukter, bær og grønsaker. Foto: Ivar Petter Grøtte



► Mathias Lehrmann, lærar ved Sogn Jord- og Hagebrukskule i Aurland, gav ei innføring i kompostering og dyrking utan kunstgjødsel. Foto: Idun A. Husabø



I tillegg til hovudprogrammet inneholdt den første konferansedagen to parallellesjonar med vekt på verdikjeder og produksjon, ein plenumsdebatt om matsikkerheit og klimarisiko og ein poster sesjon med masterstudentar frå Høgskulen på Vestlandet.

Den andre dagen av konferansen la vekt på energiøkonomisering og energiomstilling, med innlegg om konsekvensar for natur, potensial for redusert energibruk i hus-hald og sosiale konsekvensar. Dagen vart runda av med ein debatt om straumkrise og energiomstilling.



► Straumkrise og energiomstilling var stikkorda for paneldebatten 28. april. Carlo Aall ved Vestlandsforsking leide debatten, der deltakarane var Marius Korsnes (NTNU), Olav Karstad Isachsen (NVE), Truls Gulowsen (Naturvernforbundet) og Torju Bolkesjø (NMBU). Foto: Idun A. Husabø

► Vitensenteret ViteMeir på Kaupanger var ein av stoppestadene på studieturen før konferansen. Kristin Myhra Sæterdal frå HVL deler ut smaksprøvar av rista larver, ei berekraftig kjelde til protein. Foto: Idun A. Husabø





I forskingsprosjektet TransAdapt utforskar Noradapt korleis næringar som landbruk og fiskeoppdrett kan bli påverka av klimaendringar i andre land og korleis næringane kan tilpasse seg klimarisiko som kryssar landegrenser. Foto: Unsplash

Prosjekt om grenseoverskridande klimarisiko

- ▶ Prosjektet Transadapt (2021–2025) skal undersøke og vise korleis grenseoverskridende klimarisiko kan bli eit tema for det praktiske arbeidet med klimatilpassing blant næringsaktørar og forvaltning.
- ▶ Grenseoverskridande klimarisiko skil seg frå konvensjonell klimarisiko ved at konsekvensane av klimaendringar i eit land kan spreie seg til andre land gjennom forskjellige spreingsvegar.
- ▶ Noradapt er oppdragsgivar for prosjektet, som leiast av Vestlandsforskning. Partnerar er Nordnorskforskning, Stockholm Environment Institute, Norce klima og CICERO Senter for internasjonal klimaforskning.

departement og politisk mandat, i tillegg til høg grad av integrering mellom tilpassing og andre sentrale samfunnsmessige oppdrag, slik som bærekraftsmål og reduksjon av klimagassutslepp, fortel Gram-Hanssen.

LÅG PRIORITY

Blant det som er utfordrande i fleire av landa, trekker ho fram låg politisk prioritering av tilpassing samanlikna med prioriteringa av utsleppsreduksjon.

- I tillegg kjem fragmentering og silostruktur i offentlig forvaltning.



RELEVANT FOR NY STORTINGSMELDING

Den norske regjeringa skal legge frem ein ny nasjonal strategi for klimatilpassing, i form av ei melding til Stortinget. Forskarane understrekar at innsiktene frå rapporten deira har stor relevans for den kommande meldinga.

- ▶ I 2022 starta Noradapt arbeidet med å analysere det tilpassingspolitiske landskapet i Norden. Forskarane skal samanlikne arbeidet med klimatilpassing i dei fem nordiske landa: Danmark, Finland, Island, Norge og Sverige.
- ▶ Prosjektet omfattar nasjonal politikk og lovgjeving, og forskarane skal peike på skilnader og likskapar mellom landa for å analysere kva dei har å seie når det gjeld framgang i arbeidet med klimatilpassing.

Klimatilpassing i fem europeiske land

På oppdrag frå Miljødirektoratet har Vestlandsforskning, Norce og partnerar i Sverige og Finland kartlagt korleis arbeidet med klimatilpassing er organisert i fem europeiske land. Rapporten har stor relevans for arbeidet med ei ny stortingsmelding om klimatilpassing i Norge.

Korleis er arbeidet med klimatilpassing lagt opp i andre europeiske land, og kva for system og praksisar fungerer særleg godt? Det har Vestlandsforskning undersøkt i ein ny rapport på oppdrag frå Miljødirektoratet.

I samarbeid med forskarar ved Norce, Universitetet i Helsinki og Stockholm Environment Institute har seniorforskjar Irmelin Gram-Hanssen og leiande seni-

orforskjar Carlo Aall ved Vestlandsforskning undersøkt og dokumentert korleis klimatilpassing er organisert og gjennomført i Finland, Storbritannia, Sverige, Tyskland og Austerrike.

TVERRGÅANDE ARBEIDSGRUPPER

– Noko som fungerer spesielt godt i flere land, er etablering av arbeidsgrupper innan tilpassing med deltaking frå ulike



Noradapt-timen

I 2022 heldt Noradapt ni utgåver av webinaret Noradapttimen, som blir sendt via Zoom og ligg i opptak på nettsidene våre. Webinaret som hadde den beste oppslutninga i 2022, hadde 50 tilhøyrarar.

Gjennomføring av Noradapt-timen 2022

Tema	Foredragshaldar	Organisasjon
Sosiotekniske fordeler og risikoar ved bruk av geo-engineering	Benjamin K. Sovacool	University of Sussex Buisness School
Natur- og samfunnsmessige konsekvensar av klimaendringar på Jostedalsbreen	Jacob Yde og Tone Rusdal	Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning
IPCC report from AR6: What does it mean for us?	Sirkku Johola, Frans Berkhout og Richard Klein	University of Helsinki, King's College London og Stockholm Environment Institute
Omstilling til berekraft gjennom FNs berekraftsmål – tilnærmingar, målkonflikter, og positive synergiar	Siri Veland og Aase Kristine Lundberg	Norce og Nordlandsforskning
Bresmelting, tilgang på ferskvatn og risiko for jøkulhlaup	Yongmei Gong og Irina Rogozhina	Institutt for geografi ved NTNU
Barrierar for klimatilpassing på lokalt og regionalt nivå	Mikkel Vindegg	Cicero
Korleis planlegg blågrøn infrastruktur for klimatilpassing	Hanna Kvamsås	Norce
Ansvarsfordeling ved skredførebygging for eksisterande bygningar	Eli Sandberg og Lene Sandberg	UiT – Norges Arktiske Universitet og Sintef
Kva skjer ved Stampa når det regnar?	Paula Hilger	Høgskulen på Vestlandet



↗ Bresmelting får følger for tilgangen på ferskvatn i store område. Smeltinga kan òg utløyse jøkulhlaup. I prosjektet Gothecha forskar Institutt for geografi ved NTNU og HVL på korleis ein kan modellere breendring for å forutsjå både vassføring og risikoen for jøkulhlaup. I webinaret Noradapt-timen 29. juni 2022 forklarte Yongmei Gong og Irina Rogozhina denne forskinga, som mellom anna inneber feltarbeid på Tyrstigbreen i Stryn. Foto: Yongmei Gong, NTNU

↘ FNs berekraftsmål er eit viktig verktøy i arbeidet med klimaomstilling. 25. mai gjesta Siri Veland frå Norce og Aase Kristine Lundberg frå Nordlandsforskning Noradapt-timen for å snakke om berekraftsmåla og omstilling til berekraft. På bildet lener miljøforskar Amsale Temesgen seg på ein figur av berekraftshjulet. Foto: Karoline O.A. Pettersen





Klimathon 2022 på eit flaumramma Voss

Klimathon samlar folk frå ulike sektorar og fagbakgrunnar som jobbar med klimatilpassing. Dei samarbeider i grupper i eit avgrensa tidsrom for å utvikle ei løysning på eit bestemt problem, gjerne i form av eit konkret produkt.

Klimathon blei arrangert for første gong i Bergen i januar 2018 med 73 deltakar frå kommunar, fylkeskommunar, statlege etatar og forskingsorganisasjonar. I 2022 blei den fjerde utgåva gjennomført på eit nyleg flaumramma Voss.

– Klimathon skapar kontakt på tvers av fag og bringer folk saman, seier arrangør Mathew Stiller-Reeve.

– Eg har prosjektnettverk som sprang direkte ut av Klimathon. Det er lett å gløyme korleis eg først kom i kontakt med desse personane, og at det faktisk var Klimathon som førde oss saman, men slik har det vore i mange tilfelle, slår han fast.

Gruppene, den viktigaste byggesteinen i Klimathon, er sett saman slik at deltakarane skal ha så ulik bakgrunn og ståstad som råd. Oppgåva deira er å utvikle ein idé eller løyse ei problemstilling som dei kjem fram til i fellesskap, på tvers av fagleg kompetanse.

Er gruppa glad i struktur, kan dei følgje dei oppsette stega frå arrangørane heile vegen frå problem til løysing. Men ingenting er hogd i stein. Treng gruppa ein spasertur eller ein tur på bakeri, så er det fritt fram.

Då Klimathon 2022 gjekk av stabelen i midten av november, vart nettopp det å gå

ein tur ut spesielt relevant. Mellom siste planleggingsmøte og første dag av arrangementet der klimatilpassing stod i fokus, hadde regnet ausa ned over Vestlandet og utsett Voss for den største flaumen sidan oktober 2014.

Spora var synlege berre få meter frå hotell. På dei grøne grasplenane langs Vangsvatnet låg rusk og rekved att. Gjerde og husvegar hadde synlege merke etter vatnet. Containerar utanfor kulturhuset vitna om skader og opprydding.


Det overordna temaet for årets Klimathon var klimatilpassing og naturbaserte løysingar, og spørsmålet var då korleis dei flaumråka områda på Voss kunne gjerast meir klimarobuste, helst med ei naturbasert løysing.

– Det å få sjå skadane frå flaumen på tett hald, og å kunne høre dei tilsette i kommunen sine tankar om klimaendringar og flaum, framheva viktigeita av Klimathon og det arbeidet som blir gjort, og må gjerast, i samband med klimatilpassing og naturbaserte løysingar, seier Kira Krokeide Heffernan i Vestland fylkeskommune, ein av deltakarane på Klimathon 2022.



↗ Gruppearbeidet er sjølve kjernen i Klimathon. Deltakarane diskuterer seg fram til løysingar på ei gitt problemstilling, etter modell frå IT-verdas hackathon. Her jobbar Elin Valand, Anne K. Fleig, Bjørg Lirhus Ree, Leif Havre, Kira Krokeide Heffernan og Idun A. Husabø (fotograf) med å finne naturbaserte løysingar på at fotballbaner blir øydelagde av flaum.

↘ Klimathon på Voss vart djupt prega av flaumen få dagar før arrangementet. Lenge var det snakk om å avlyse fordi kommunen var så hardt råka og fordi Voss kulturhus, der Klimathon skulle føregå, måtte stenge på grunn av flaumskadar. Foto øvst til venstre: Lene Omdahl. Nedst til venstre: Idun A. Husabø. Til høgre: Voss herad





Publisering

Nedanfor finn du ei oversikt over alle publikasjonar med tilknyting til Noradapt-aktivitet. Dei spring ut av både internt finansierte, eksternt finansierte og assosiert prosjekt.

VITSKAPELGE ARTIKLAR I TIDSSKRIFT, BØKER OG KONFERANSENOTAT

Aall, C., Groven, K. (2022): The Unpredictable Truth: A Proposed Road Map for a Reflect-Then-Act Approach to Climate Uncertainties and Lessons Learned from Norwegian Municipalities. *Weather, Climate, and Society*. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-21-0078.1>

Aall C., C. Meyer-Habighorst, I. Gram-Hanssen, M. Hanssen Korsbrekke and G. Hovelsrud (2022): "I'm Fixing a Hole Where the Rain Gets in, and Stops My Mind from Wandering": Approaching Sustainable Climate Change Adaptations. *Weather, Climate, and Society* Vol. 15, Issue 2. Page(s): 349–364. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-22-0113.1/> <https://journals.ametsoc.org/view/journals/wcas/15/2/WCAS-D-22-0113.1.xml?tab-body=fulltext-display>

Aall, C., Wanvik, T., Dale, B. (2022): Climate Risks of the Transition to a Renewable Energy Society: The Need for Extending the Research Agenda, *Weather, Climate, and Society*. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-21-0055.1>

Antonsen, K., Brigt Dale (2022): «It's in Our DNA»: Climatic Changes and Perceived Adaptive Capacity in adventure tourism in Lofoten, Norway. *Weather, Climate, and Society*. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-21-0026.1>

Bobylev, N., Kari Luhto, Alexander Sergunin, Veli-Pekka Tynkkynen (2022): Building Urban Climate Change Adaptation Strategies: The Case of Russian Arctic Cities. *Weather Climate and Society*. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-21-0004.1>

Brendehaug, E., Groven, K., Selseng, T. (2022): Naturmangfold og klimatilpassing blir borte i vektlegginga av klimagassutslepp. I Hognset, H., Alteren, J., Jæger, B. og Straume, S. Bærekraft. Fjordantologien 2022. Universitetsforlaget. <https://www.idunn.no/doi/full/10.18261/9788215062938-2022-03>

Brendehaug, E., Tønnesen, A., Skagen, K., Groven, K., Selseng, T., Time, B., Sivertsen, E. (2022): The GHG policy overlooks the challenge to adapt to climate change and protect biodiversity. Paper at Nordic Environmental Social Science Conference (NESS). <https://www.gu.se/en/globalstudies/ness-nordic-environmental-social-science-conference-emergency-and-transformation>

Harris, K., Frida Lager, Marta Janssen, Magnus Benzie (2022): Rising to a new challenge: A protocol for case-study research on transboundary climate risk, *Weather, Climate, and Society*. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-21-0022.1>

Hessen, D.O., Vigdis Vandvik (2022): Buffering climate change by nature. *Weather, Climate, and Society*. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-21-0059.1>

Kvamsås, Hanna (2022): Co-benefits and conflicts in alternative storm-water planning: Blue versus green infrastructure? Environmental Policy and governance. Published online 11 July. DOI: <https://doi.org/10.1002/eet.2017>

Mayer, S., Khasandi, E.K., Antonsen, K. and Abegg, B., Hanssen-Bauer, I. (submitted). Warmer and Wetter: Outlining Climate Services for Snow-Dependent Tourism in Norway – the Case of Lofoten. Available at SSRN: <https://ssrn.com/abstract=4351241> or <http://dx.doi.org/10.2139/ssrn.4351241>

Menk, L., Marc Zebisch, Stefano Terzi, Erich Rome, Daniel Lückerath, Mark Meyer, Stefan Kienberger (2022): Climate Change Impact Chains: a review on applications, challenges and opportunities for climate change risk assessments, *Weather, Climate, and Society*. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-21-0014.1>

RAPPORTAR

Beitnes, S., Brendehaug, E., Rød, J.K., Hagen, D. (2022): Klimatilpasning i nasjonalparker og naturområder. VF-rapport 4/2022. Sogndal: Vestlandsforskning. <https://www.vestforsk.no/sites/default/files/2022-09/Rapport%20Klimatilpasning%2onatur%2orefnr%2021SEA44F.pdf>

Berninger, K., Frida Lager, Tara Botnen Holm, Oras Tynkkynen, Richard J.T. Klein, Carlo Aall, Amica Dristig, Helena Määttä, Adriaan Perrerls (2022): Nordic Perspectives on Transboundary Climate Risk. Current knowledge and pathways for

Risvoll, C., Grete Hovelsrud (2022): Falling between the Cracks of the Governing Systems: Risk and Uncertainty in Pastoralism in Northern Norway, *Weather, Climate, and Society*. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-21-0052.1>

Selseng, T., Tone Rusdal, Marit Klemetsen (Cicero) (2022): Adaptation Confusion? A Longitudinal Examination of the Concept «Climate Change Adaptation» in Norwegian Municipal Surveys, *Weather, Climate, and Society*. <https://doi.org/10.1175/WCAS-D-21-0024.1>

Steinvåg, K.M.F., Wangen, K., Brendehaug, E., Hessen, D.O. (2022): Naturgrunnlaget for turismen er i endring: flere faktorer virker sammen, Utmark. <https://hdl.handle.net/11250/2835142>

Westskog Hege, Nils Aarsæther, Grete K. Hovelsrud, Helene Amundsen, Jennifer Joy West, Ragnhild Freng Dale. The transformative potential of local-level planning and climate policies. Case studies from Norwegian municipalities (2022). *Cogent Social Sciences*. <https://doi.org/10.1080/2331886.2022.2033457>

action. TemaNord 2022:531. Nordic Council of Ministers. <https://pub.norden.org/temanord2022-531/>

Selseng, T., Jansen, M., Holm, T., Aall, C. (2022): Norsk klimamonitor: Regionsundersøkinga 2020. Rapport frå spørjeundersøking til fylkeskommunar og statsforvaltarar. VF-rapport 14/2001. Sogndal: Vestlandsforskning. <https://www.vestforsk.no/sites/default/files/2022-04/Klimamonitor-%20Regionsunders%C3%B8king%202020.pdf>



Grøne område, både mindre hagar og større område, kan bli viktige for å ta imot vatnet som kjem med auka ekstremvær. Det er ein av konklusjonane i prosjektet Provide, der Nordlandsforskning og icero er med på laget. Bodø, der bildet er frå, er ein av byane som er med i prosjektet og ser på korleis ein kan tilpasse seg endringane. Foto: Kantrafei media / Visit Bodø

Skogvang, B.J., Selseng, T. (2022): Klimamonitor året 2021. En sammenstilling av undersøkelser publisert på Norsk klimamonitor i løpet av året 2021. VF-rapport 1/2022. Sogndal: Vestlandsforskning.
<https://www.vestforsk.no/sites/default/files/2022-04/Rapport%20-%20Klimamonitor%C3%A5ret%202021.pdf>

Vindegård, M., Ingrid Christensen, Carlo Aall, Astrid Arnslett, Anders Tønnesen, Marit Klemetsen, Amsale K. Temesgen, Grete K. Hovelsrud, Torbjørn Selseng (2022): Barrierer for klimatilpasning på lokalt og regionalt nivå. M-2263. Oslo: Miljødirektoratet / Cicero. <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2022/mai/barrierer-for-klimatilpasning-pa-lokalt-og-regionalt-niva/>

Rekneskap og budsjett for 2022

Postar	Budsjett	Rekneskap
Senterleiar	700000	648341
Koordinator	500000	477750
Reiser (senterleiing)	100000	49956
Sum senterleiing	1300000	1176047
Brukaransvarleg	500000	554288
Kommunikasjonsansvarleg	400000	428943
IT-ansvarleg	50000	26106
Partnaraktivitet	500000	531815
Reiser og møte	300000	80174
Internasjonalt vitskapleg råd	250000	160523
Diverse	0	29065
Sum nettverk	2000000	1810912
Sum leiing og nettverk	3300000	2986959
Prosjekt	6898000	5622256
Til saman	10198000	8609215



➡ I oktober 2022 var det arbeidsverkstad i Longyearbyen i samband med prosjekta Balancing Act og FACE-IT. Begge handlar om klimatilpassing: Balancing Act undersøker korleis reiselivet på Svalbard kan møte klimaendringane på best mogleg måte, medan FACE-IT undersøker korleis lokalsamfunn ved arktiske fjordar kan tilpasse seg klimaendringar. Målet med arbeidsverkstaden var å engasjere lokale interesserantar i diskusjonar om potensiell framtidig utvikling av livet rundt Isfjorden og Svalbards reiselivsnæring. Arbeidsverkstaden inkluderte idédugnadsøvingar, presentasjonar og gruppdiskusjonar. Foto: Marta Anna Løvberg

⬅ I Balancing Act jobbar forskarar og reiselivsbedrifter saman. – Forskarane har invitert oss inn heilt frå starten, fordi kompetansen næringa rår over er avgjerande for at prosjektet skal lukkast, seier Trine Krystad i Visit Svalbard. På bildet står ho saman med Nordlandsforsknings Grete Hovelsrud, som er prosjektleiar. Foto: Marta Anna Løvberg



NORADAPT

NORSK SENTER FOR BEREKRAFTIG KLIMATILPASSING (NORADAPT)

er leia av **Vestlandsforskning** og samlar landets fremste forskingsmiljø innan klimatilpassing:

NORCE

NORDLANDSFORSKNING

CICERO SENTER FOR KLIMAFORSKNING

SENTER FOR KLIMA OG ENERGIOMSTILLING (CET)

VED UNIVERSITETET I BERGEN

INSTITUTT FOR GEOGRAFI VED NTNU

SINTEF COMMUNITY

HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

VESTLANDSFORSKING

NØRCE



NORDLANDSFORSKNING
NORDLAND RESEARCH INSTITUTE

°CICERO

Senter for klimaforskning

 Høgskulen
på Vestlandet

 **cet** Senter for klima
og energiomstilling

 **SINTEF**

 **NTNU**